

Endre Jordal-Aarra
Dyrhovden 18
5993 Ostereidet

Løyve med vilkår - Avkøyrslø for bustad - gnr 33 bnr 13 - Jordal - Alver Kommune

Vestland fylkeskommune viser til korrespondanse med søkar og førespurnad om nytt avkøyrsløspunkt for utvida bruk til ny bustad i e-post datert 19.10.2021.

Sakshistorikk

Det vart søkt om utvida bruk av eksisterande landbruksavkøyrslø tidlegare i år, som vi gav avslag på med grunngjeving i utforming og sikt. Vi gav og beskjed om at det måtte søkast til kommunen om dispensasjon frå arealføremål for å bygge bustad på egedomen.

Kommunen har behandla søknad om dispensasjon frå arealføremål og gjeve avslag. Det er no bede om ein ny vurdering av avkøyrsløspunkt frå oss av søkar. Kor det etter dialog med oss er ønske om å kople seg på ein eksisterande bustadavkøyrslø.

På bakgrunn av historikk og revidert teikning med eit nytt avkøyrsløspunkt har vi vurdert saka på nytt og fatta følgande vedtak.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi løyve til utvida bruk og opparbeiding av avkøyrslø frå fylkesveg 5464 Mykingvegen til egedom gnr. 33 bnr. 13 i Alver kommune.

Avkøyrslø er ikkje lovleg for utvida bruk før den er endeleg godkjent av Vestland fylkeskommune.

Løynet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

Vilkår for løyvet

1. Avkøyrslø skal vera plassert i samsvar med revidert situasjonsplan, datert 04.11.2021. I tillegg skal ein følgje desse krava:
 - Siktkrava er 6 x 105 meter fri sikt. Det skal ikkje vera hinder i siktsona høgare enn 0,5 meter.
 - Svingradius skal vera i samsvar med revidert situasjonsplan, og skal markerast tydeleg.
2. Løynet gjeld utvida bruk for ein ny einebustad.

3. Kommunen skal ikkje gje igangsetjingsløyve til omsøkt bustad før endeleg godkjent avkøyrsløyve frå Vestland fylkeskommune føreligg, j. plan- og bygningslova § 27-4.
4. Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentleg veg.
5. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsløve, frisisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
6. Dersom avkøyrsla går over ei vegggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyrret må vera tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Røyrret må ha ein dimensjon som er tilstrekkeleg for å handtere venta vassmengder på staden. Sjå *Krav til utforming av avkøyrsløve*.
7. Med omsyn til vedlikehald og trafikktryggleik må det ikkje samle seg vatn i avkøyrsla eller renne vatn ut i fylkesvegen.
8. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, om ikkje fell løyvet bort.
9. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsløve* underskrivast og sendast i retur for endeleg godkjenning.

Eigaren eller brukaren av avkøyrsløven har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsløve* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekkje tilbake løyvet

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsløve frå.

Fartsgrensa på staden er 80 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 500. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse «mindre streng» jf. Rammepplan 2017-2020. Den seier mellom anna «Talet på direkte avkøyrsløve til vegane skal vere avgrensa. Nye bustadavkøyrsløve bør avgrensast.»

Med bakgrunn i dette og dårleg utforming og sikt i avkøyrsla som det først vart søkt om, gav vi avslag. Det har no blitt gjort nye vurderingar i samband med at søknaden no gjeld ei anna avkøyrsløve, slik at du koplær deg på bustadavkøyrsløve til ein nabo.

Vidare saksgang

Ta kontakt med sakshandsamar Lillian B. Byrknes dersom det er spørsmål i samband med opparbeiding av avkøyrsløve.

Når avkøyrsløve er opparbeidd etter krava, skal det takast kontakt med Vestland fylkeskommune for synfaring og eventuell godkjenning. Endeleg godkjent avkøyrsløve vert då sendt til søkar.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 A-100_Situasjonsplan Avkjørsel Teknisk tegner med siktsone

Vedlegg

Vestland fylkeskommune sitt saksnummer: 2021/612

Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslø

Eg/vi melder om at avkøyrslø frå fylkesveg 5464 , S2D1 m6664 , gnr 33 bnr 13 er ferdig opparbeidd i samsvar med vilkår fastsett i løyve datert 05.11.2021.

.....
Sted/dato underskrift søkar/grunneigar

.....
Underskrift utførande entreprenør

Samtykke sendast til: Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN